

Gro og Einar Borgund
Raunholmskogen 23
5936 Manger

Manger, den 15. juni 2014

Radøy kommune
Avd. for drift v/ Tore Rikstad
Manger

TRANSPORT AV TØMMER ETTER VEG GJENNOM BUSTADFELTET AUSTMARKA

Utmarksteigen til gen 77, bnr. 2 av Solheim grensar til bustadfeltet i Austmarka. Etter Kommunedelplan for Radøy sør skal teigen brukast til friluftsområde og tomtar. Felles gardsveg frå Solheimstunet til utmarksteigane ved Austesundet, (den endar i Solheimsvika) gjekk over ulike teigar, teigar som i dag er bustadfelt, idrottsanlegg m.m. Vi vurderar no å hogge ut skogen, og einaste moglegheita for å få skogen ut er etter vegen gjennom bustadfeltet.

Tidlagare godkjenning.

Etter storstormen i 1994, som gjekk hardt ut over vår skogteig, bad vi om liknande godkjenning som no. Det vert vist til vedlagde utskift frå Bygningsrådet i Radøy av 27.04.94, sak 27/94.

Den omtala opplagsplassen er i dag som den vart opparbeidd, og vert brukt av folk i bustadfeltet til parkering, og som tilkomst til turområdet i skogen vår.

Vegen til badeplassen (utskiftningsvegen til Solheimsvika)

Ved utbygging av vegen til Solheimsvika, gav grunneigarane gratis rett til opparbeidinga mot bruksrett.

Vi har endå ikkje gjort avtale med skogsentreprenør, men reknar med at begge desse vegane vil måtte brukast til framkøyring av maskiner og uttak av tømmer.

Vi bed om godkjenning for transport etter vegen gjennom bustadfeltet, og kan nemne at i 1994 oppstod det ingen problem.

Skogsentreprenøren vil bli pålagt turvande merking/varsling etter gjeldande regelverk, og ansvar for eventuelle skader.

Med helsing

Gro og Einar Borgund *Gro Borgund*
Einar Borgund
Vedlegg: Bygningsrådsak 27/94